



Ekspertgruppe for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging

Ekspertgruppe for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging.

Innspel frå Utdanningsforbundet

Om oppdraget frå Kunnskapsdepartementet

Utdanningsforbundet er nøgd med at Kunnskapsdepartementet har nedsett ei ekspertgruppe som skal identifisere faktorar og samanhengar som fremjar og hemmar inkludering i barnehage og skule.

Det følgjer av oppdraget at «*Det overordnede målet med ekspertgruppens arbeid er å bidra til at barn og unge som har behov for tilrettelagte tiltak, herunder spesialundervisning, får et pedagogisk og spesialpedagogisk tilbud av høy kvalitet og opplever økt inkludering i barnehage og skole. Ekspertgruppens arbeid skal gi nasjonale og lokale myndigheter og aktører et grunnlag for å velge de best egnede inkluderende virkemidler og tiltak*».

Utdanningsforbundet finn det positivt at ekspertgruppa skal ha ei brei tilnærming, men vi meiner likevel det er ein svakheit ved oppdraget at ekspertgruppa ikkje skal vurdere utfordringar og moglege tiltak i vaksenopplæringa.

Bruk av omgrep

Oppdraget er omfattande og strekkjer seg utover retten til spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning i barnehage og skule. Utdanningsforbundet konstaterer at ekspertgruppa skal setje søkjelyset på barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging. Dette er eit omgrep som ikkje er nytta i opplæringslova, men som er regulert i diskriminerings- og tilgjengelegheitslova.

Utdanningsforbundet meiner at ordlyden i oppdraget ber i seg eit potensial for språkleg og fagleg uklarheit om utfordringar og moglege tiltak. Utdanningsforbundet vonar difor at ekspertgruppa vil vere tydeleg på kva som er den faglege og juridiske konteksten for gruppa sine vurderingar.

Utfordringar i sektoren

Det er Utdanningsforbundet si vurdering at vi allereie veit mykje om dei overordna

utfordringane for barn og unge med særlege behov. Utdanningsforbundet finn det likevel positivt at ekspertgruppa ønskjer å skaffe seg eit breitt kunnskapsgrunnlag som klargjer utfordringane i sektoren, mellom anna gjennom involvering av referansegruppa der Utdanningsforbundet er representert, og av andre aktørar. Eit godt fundert kunnskapsgrunnlag vil styrke validiteten til ekspertgruppa sin analyse og dei påfølgjande tiltaka.

Utdanningsforbundet ser fram til å få høve til å kommentere ekspertgruppa si analytiske tilnærming og dei konkrete tiltaka og verkemidla.

Utdanningsforbundet meiner utfordringsbiletet for barn og unge med særlege behov er stort og samansett. Dette er ei stor barne- og elevgruppe med ulike behov, til dels ulike diagnoser, og ulike mål for opplæringa. Dette inneber at også målsetjing og tiltak må famne breitt for å sikre alle barn og unge ei god og inkluderande opplæring. Utdanningsforbundet meiner det også er utfordringar på alle forvaltningsnivå og innanfor både politisk og administrativ organisering.

Ei rekkje forskingsresultat, undersøkingar, kartleggingar og forvaltningsrevisjonar syner dramatiske geografiske variasjonar i kvaliteten på opplæringstilbodet til barn og unge. Utdanningsforbundet finn det heilt uakseptabelt at det langt på veg er bustaden som avgjer om barn og unge får oppfylt sine lovfesta rettar og får oppleve auka inkludering i barnehage og skule.

Utdanningsforbundet meiner dette i stort handlar om strukturelle svakheiter og systemsvikt. Den norske fellesskulen er i realiteten ein kommunal forskjellsskule også på dei områda der det er felles nasjonale lovkrav for barn og unge med særlege behov. Erling Lars Dale omtalar situasjonen som «institusjonell svikt og mangelfullt kollektivt ansvar». Det er Utdanningsforbundet samd i.

Denne vurderinga vert også stadfesta av dei nyleg presenterte rapportane frå Barneombodet (*Uten mål og mening? Elever med spesialundervisning i grunnskolen*) og Agenda Kaupang/Statped (*Nærskoleprinsippet og inkludering av barn med særskilte opplæringsbehov i grunnskolen*). Sjølv om rapportane er avgrensa i omfang, er vurderingane attkjennelege. Den siste rapporten konkludere mellom anna med at «Skoleeier har ikke kontroll på hvilket tilbud elevene med særskilt opplæringsbehov får. Systemet fungerer ikke» og «Vårt inntrykk fra flere av intervjuene er at det er elevene som må tilpasse seg skolen og ikke omvendt». Det er Utdanningsforbundet sin vurdering at mange av resultatane frå SPEED-prosjektet syner samanfallande tendensar.

Utdanningsforbundet syner elles til revisjonar og tilsyn med utdanningssektoren som peikar på systematiske brot på § 13-10 i opplæringslova om kravet til skuleeigar sitt forsvarlege system. Det er i stor grad ulik rettsforståing i barnehagar, skular og på eigarnivå, og det vert nytta svært mange ulike omgrep om barn og unge med særlege behov, omgrep som berre delvis er forankra i barnehagelov og opplæringslov. Døme på dette er tilpassa opplæring, tilrettelagt opplæring, særleg tilpassa opplæring, særskilt tilrettelagt opplæring, spesialpedagogisk hjelp, ekstra spesialpedagogisk hjelp, spesialundervisning. Slike omgrep vert nytta overlappende, delvis kopla opp mot einskildvedtak, men med lite medvit om kva omgrepa i realiteten inneber og utan at det eksisterer noko sameint tolkingsfellesskap.

Utdanningsforbundet syner til tidlegare utdjujing av utfordringsbiletet i innspel til ekspertgruppa, og meiner dei største utfordringane i sektoren er knytt til

- for svakt ressursgrunnlag
- for lite tid til oppfølging
- manglande kompetanse på alle nivå
- manglande krav til kompetanse og bruk av ukvalifiserte
- manglande krav til kapasitet/bemanning/tilgjengelegheit
- manglande universell utforming
- svak regelverksforståing og regelverksetterleving
- svak organisering, samhandling og koordinering av tenestetilbodet
- uheldige haldningar
- låge forventningar og lågt læringstrykk

Utkast til Ekspertgruppens forståelse av begrepet «inkludering»

Utdanningsforbundet meiner utkastet inneheld mange kloke refleksjonar og tilnærmingar til innhaldet i og praktiseringa av inkludering. For Utdanningsforbundet handlar inkludering primært om å høyre til, å lære i fellesskap, å medverke i eiga læring og å ha forsvarleg utbyte av opplæringa.

Ekspertgruppa sine notat om hovudutfordringar: Barn før opplæringspliktig alder/grunnskule/vidaregåande skule/lokalt og nasjonalt spesialpedagogisk støttesystem

På møtet mellom ekspertgruppa og referansegruppa 12. oktober vart det opplyst at ekspertgruppa har utarbeidd eit utkast til kapittel på 60-70 sider om utfordringane i sektoren. Til møtet var det utdelt nokre notat på 1-2 sider som i kortform peika på utfordringar, slik ekspertgruppa ser dei.

Utdanningsforbundet har forståing for at ei slik nedkorting er utfordrande. Slik notata vart utforma, stiller vi spørsmål om kor meningsfullt det er for både ekspertgruppa og referansegruppa at referansegruppa skal kommentere så sterkt nedkorta versjonar.

Utdanningsforbundet meiner notata gjennomgåande er nokså overflatiske, forenkla, upresise, unyanserte og konkluderande utan drøfting. Vi slit med å få auge på «den raude tråden» i nokre av notata.

Vi forventar at det vert synt til kjeldene for statistikk og talgrunnlag m.m. som vert presenterte i den endelege rapporten. Vi legg elles til grunn at påstandar og vurderingar, som i notata står fram som misvisande eller sterkt unyanserte, vert grunngeve og drøfta i den endelege rapporten. I notatet om grunnskulen går det fram at «*Forskerne finner ingen sammenheng mellom lærertetthet og effekten på elevenes læringsutbytte*». Ei rimeleg tolking av denne påstanden er at *Ingen forskarar finn noko form for samanheng*. Utdanningsforbundet finn denne påstanden lite etterretteleg.

Utdanningsforbundet konstaterer elles utstrekt bruk av formuleringar som «mange», «ofte», «som oftest», «mesteparten», «i hovudsak» i notata. I notatet om lokalt og nasjonalt spesialpedagogisk støttesystem går det fram at det «ofte» er manglande samsvar mellom sakkunnig vurdering og einskildvedtak. Dokumentasjonen av slike påstandar og kva til dømes «ofte» inneber, bør gå fram av rapporten.

Utdanningsforbundet meiner dei nemnte formuleringane kan nyttast som kommentarar til tabellar, grafar eller figurar, men vil som generelle kommentarar vere ueigna som grunnlag for truverdige tilrådingar om tiltak og verkemiddel.

Tiltak og verkemiddel

Utdanningsforbundet vil streke under at når utfordringane for barn og unge er omfattande og komplekse, må tiltak og verkemiddel spegle dei samansette utfordringane. Det finst ikkje enkle løysingar på desse utfordringane. Utdanningsforbundet meiner utfordringane best kan løysast gjennom økonomiske, organisatoriske og juridiske verkemiddel, samt gjennomgripande satsing på kompetanseutvikling og haldningsskapande arbeid.

Innanfor den lokale sjølvrådetretten og det kommunale handlingsrommet må den nasjonale fellesskulen innebere klare nasjonale standarar på sentrale område.

Utdanningsforbundet meiner at tiltaka må omfatte auka personalressursar og tidsressursar. Tiltaka må inkludere krav til kompetanse for personar som skal planleggje, gjennomføre og vurdere spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning, og skjerpa krav til barnehagefagleg og skulefagleg kompetanse over barnehage- og skulenivået. Like eins bør tiltaka famne krav til kompetanse, bemanning/kapasitet og tilgjengelegheit i pp-tenesta og resten av det lokale og nasjonale støttesystemet. Vi vonar at ekspertgruppa vil drøfte korleis målsetjinga om ei vriding frå individretta til systemretta arbeid i pp-tenesta og redusert behov for spesialundervisning kan realiserast.

Utdanningsforbundet meiner til dømes at ekspertgruppa bør vurdere korleis dagens rett til spesialundervisning kan bli reell for alle elevar, om det til dømes bør vere ein rett til spesialpedagog for barn/elevar med særlege behov og/eller om det bør vere ei plikt for barnehage- og skuleeigar å sikre at alle barnehagar og skular har/har tilgang til spesialpedagogisk kompetanse.

Med vennleg helsing

Milena Adam
seksjonsleiar

Einar Ove Standal
seniorrådgjevar

